



# **PROSJEKTPLAN**

## **NORDFJORD VASSOMRÅDE**

### **2016 – 2021**

**22.01.2015**

## **Innleiing:**

Prosjektplanen skal vise organisering og finansiering av Nordfjord vassområde, samt framdriftsplan og ei oversikt av arbeidet som skal utførast. Basis for arbeidet er Vassforskrifta (Forskrift om rammer for vannforvaltningen).

Føreliggande dokument er ei vidareføring av prosjektplanen frå 31.05.2011, som er vedtatt av kommunane Gloppen, Bremanger, Stryn, Hornindal, Selje, Vågsøy og Eid for perioden 2012-2015. Prosjektplanen er basert på vassforskrifta og føringar i planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion, som vart vedtatt av Fylkesutvalet for Sogn og Fjordane 30.11.2011 for planperiode 2010-2015. Prosjektplanen vil bli oppdatert i samsvar med planprogram for periodane for 2016-2021 og 2022-2027.

Planprogrammet har som mål å vise korleis styresmakter, organisasjonar og andre bør samarbeide om vassforvaltninga. Nordfjord er eitt av 4 vassområde i Sogn og Fjordane vassregion. Sogn og Fjordane Fylkeskommune er vassregionmynde, og det er nedsett eit vassregionutvalet.

Det er ei målsetting å forankre prosjektplanen politisk gjennom vedtak i kommunane i Nordfjord vassområde.

## **1. Bakgrunn**

### **1.1 Vassforskrifta**

Vassforskrifta vart sett i verk 01.01.2007. Denne er komen på plass som følge av EU sitt vassdirektiv. Vassforskrifta seier at alle vassførekomstar i Noreg som hovudregel skal ha **minimum god økologisk og kjemisk tilstand**. Direktivet legg opp til ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, fersk- og kystvatn. Vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova, Ureinigsløva og Vassressurslova. Naturmangfoldlova, saman med andre relevante lover, er viktige for planarbeidet.

Planarbeidet spenner totalt over perioden 2007 – 2033, inndelt i pilotperiode og 3 landsdekkande planperioder, kvar på 6 + 6 år (planlegging + gjennomføring, Figur 1). Stryn kommune deltok i pilotperioden, medan dei andre kommunane i vassområdet har kome med i 1. planperiode (planlegging 2010 – 2015 og gjennomføring 2016 – 2021). Kvar planleggingsperiode skal resultere i regional forvaltningsplan og tiltaksprogram, som vert gjort gjeldande for påfølgjande 6-årsperiode, då forvaltningsplanen skal følgjast opp og tiltaksprogram gjennomførast.


Det er innanfor prosjektet utarbeidd Tiltaksanalyse for Nordfjord vassområde. Denne har vore eitt av grunnlaga for Regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion, som er lagt ut på høyring i 6 månader frå og med 01.10.2014.

## **2. Mål for forvaltning av vassressursane i Nordfjord vassområde**

### **2.1 Hovudmål**

Det skal utarbeidast ein heilskapleg vassforvaltningsplan for kvar vassregion. Vassdraga og sjøområda langs kysten i vassområdet skal forvaltast slik at miljømål for kvart vassdrag, kystvass- eller grunnvassførekomst vert oppfylt. Prosjektet skal bidra til kartlegging av tilstand og påverknader i vassførekomstane i vassområdet og føreslå nødvendige tiltak slik at

miljømåla vert nådd. Standard miljømål er god til svært god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand innan 2021. Skalaen går frå svært dårleg til svært god tilstand (Figur 2). Vassområdeutvalet kan føreslå unntak for enkelte vassførekomstar. Det er heimel i vassforskrifta for utsett frist (§9), mindre strenge miljømål (§10), sterkt modifiserte vassførekomstar - SMVF (§5), m.m. etter nærare grunngeving. Kriteria for SMVF gjeld til dømes regulerte eller forbygde/ kanaliserte elvar og hamnar. Desse får miljømålet godt økologisk potensiale, som inneber redusert krav til økologisk tilstand. Vassregionutvalet vil vedta endeleg utpeiking av sterkt modifiserte vassførekomstar.



Figur 1. Arbeid med vassforvaltning er eit kontinuerleg arbeid delt i 3 planperiodar. Siste år i 3. planperiode er 2033.



Figur 2: Kjemisk- og økologisk tilstand vert klassifisering på ein skala frå svært dårleg til svært god. Tiltak må setjast i verk i vassførekomstar der tilstanden er moderat eller dårlegare for å nå miljømåla om god eller svært god tilstand. Vassførekomstane skal ikkje forringast frå svært god/god til ein dårlegare tilstandsklasse.

## 2.2 Delmål 1. planperiode

- Følgje opp tiltaksprogrammet som vert gjort gjeldande frå og med 2016. Rapportere status for gjennomføring, og grunnlag for eventuelle avvik.
- Tiltaksretta overvaking, for å finne ut om tiltaka har tilsikta effekt, eventuelt om miljømål er oppnådd.

## 2.3 Delmål 2. planperiode

- Sette i gang nødvendig overvaking, som bidrag til karakterisering og revidert tiltaksanalyse.
- Ta del i arbeidet med karakterisering (inndeling i vassførekomstar, vurdering av påverknader og risiko).
- Vurdere behov for og eventuelt utforme innspel frå Nordfjord vassområde til dokumentet «Vesentlege spørsmål om vassforvalning i Sogn og Fjordane». Dokumentet skal om nødvendig oppdaterast seinast 2 år før nytt tiltaksprogram og forvaltningsplan trer i kraft, som er innan utgangen av 2021 og 2027. Innspel kan omhandle tilstand og menneskeskapt påverknad i vassførekomstar, utforma på bakgrunn av nye og gamle data og opplysningar.
- Invitere styresmakter og interessenter til å kome med innspel til revidert tiltaksanalyse frå Nordfjord vassområde. Innspel kan omfatte endra behov for tiltak i vassførekomstar, nye vassførekomstar der det er nødvendig å sette inn tiltak, vassførekomstar som har nådd miljømåla og difor ikkje lenger trenger tiltak, samt justeringar av miljømål. Samanstille tiltaksanalyse for oversending til vassregionmynda.
- Legge til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyresmakter, private verksemder, lag, organisasjonar og enkeltpersonar ved utforming av innspel.

# 3. Organisering

## 3.1 Nordfjord vassområde

Nordfjord vassområde er eitt av fire vassområde i Vassregion Sogn og Fjordane. Det er samansett av kommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Stryn og Vågsøy som også er eigarar av prosjektet. Det er delar av vassdrag som høyrer til i dette vassområdet som strekkjer seg inn i kommunar som i hovudsak høyrer til i tilgrensande vassområde. Deler av Breimsvassdraget startar i Stardalen og Jølster er derfor plassert både i Sunnfjord og Nordfjord vassområde. Tilsvarande er eit område sørvest i Gloppen kommune plassert i Sunnfjord vassområde.

Organiseringa på vassområdenivå er ikkje definert i vassforskrifta. Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion gir visse føringar.

Nordfjord vassområde har i likskap med andre vassområde organisert seg med vassområdeutval, referansegruppe og ei prosjektgruppe som tek i vare sekretariatsfunksjonen. I tillegg kan det opprettast temagrupper.

### **3.2 Vassområdeutval**

Det er oppretta eit vassområdeutval som fungerer som styringsgruppe for prosjektet, med ein vald politisk representant frå kvar kommune, og i tillegg representantar frå fylkeskommune og regionale mynde. Vassområdeutvalet vel leiar.

Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion seier følgjande om kommunane si rolle i forhold til vassområdeutval:

*... Kommunane er areal- og planstyresmakt og har sektormynde på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Kommunane har eigne verkemidlar og / eller har delegert myndigheit frå staten. På lokalt hald legg difor vassregionmyndigheita opp til at kommunane får ansvaret for å leie arbeidet i vassområda. Vassregionmyndigheita rår kommunane til å trekke inn flest mogleg av aktørane som kan bidra med kunnskap og i gjennomføring av tiltak. ...*

Vassområdeutvalet har hatt ansvar for at arbeidet vart sett i gang, og at prosjektplanen vert følgd opp. Vassområdeutvalet avklarar korleis det interkommunale samarbeidet skal organiserast og set opp budsjett med fordeling av kostnader for vassområdet. Rapportar og utgreiingar frå prosjektgruppa/prosjektleiaren skal rapporterast til vassområdeutvalet. Vassområdeutvalet skal gjere vedtak om saker innanfor Nordfjord Vassområde, og rapportere til vassregionmynda.

Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyremaktar og interesseorganisasjonar.

Vassområdeutvalet vedtar organisering, framdriftsplan, oppdrag og finansieringsplan. Framdriftsplanen er styrt av fristane i vassforskrifta og fristar som vassregionmynda set. Kommunen sine bidrag (økonomisk, personell etc ) må forankrast/godkjennast i den enkelte kommune.

### **3.3 Prosjektgruppe og prosjektleiaren**

Prosjektgruppa skal vere sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til forvaltningsplanen. Prosjektgruppa, eventuelt i samarbeid med temagrupper, utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennomførast på vassområdenivå, og rapporterer til vassområdeutvalet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i Nordfjord vassområde.

I denne gruppa skal det vere ein prosjektleiaren som og skal ha sekretærfunksjon. Sjå pkt 4.3 om prosjektleiaren.

### **3.4 Temagrupper**

Vassområdeutvalet vil opprette temagrupper ut frå dei mest aktuelle problemstillingane i vassområdet. Dette for å legge til rette for brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å bidra.

I fyrste omgang blir det nedsett 2 temagrupper: landbruk og spreidde private avløp. Kommunane som styresmakt vil vere representerte i desse temagruppene. I tillegg vil vassområdeutvalet invitere representantar frå Fylkesmannen og lokale og regionale interesseorganisasjonar.

Landbruk og spreidde avløp peikar seg ut som betydelege påverknader i store deler av vassområdet. For å få eit grunnlag for planlegging av tiltak, har Nordfjord vassområde leigd

konsulent til gjennomføring av problemkartlegging med kartlegging av teknisk tilstand og tilførselsberegning, samt framlegg til tiltak. Tiltaka vil involvere mange og kan vere krevjande økonomisk og organisatorisk. Men det er også tiltak som ikkje treng å føre til auka kostnader, til dømes endra samansetting av kunstgjødning, men der det er viktig at fleire gardsbruk trekk i lag. Det er difor viktig å få i stand brei forståing og vilje til gjennomføring. Lanbruksgruppa kan og vurdere nærmare tiltak i kanaliserte elvar pga landbruk ev kombinasjon landbruk og veg.

På avløpssida har det vore oppe som tema i prosjektgruppa å innføre felles forskrift for kommunane i vassområdet med krav til private avløpsanlegg og heimel for å dekke kostnader med tilsyn over avløpsgebyra.

Ei tredje temagruppe kan vere fysiske inngrep, med deltakarar frå kommunar, NVE , FM og aktuelle lag og organisasjonar. Tema: tiltak i kanaliserte / forbygde elvar, tiltak i SMVF (regulerte vassdrag og hamner). Vandringshindre langs kommunale vegar.

### **3.5 Referansegruppe**

Det er oppretta ei referansegruppe for prosjektet. Denne er samansett av frivillige organisasjonar, interessentar, private verksemder og enkeltpersonar i vassområdet. Referansegruppa får orientering om arbeidet i vassområdet og har høve til å kome med tilbakemeldingar og innspel. Referansegruppa er oppretta for å legge til rette for medverknad i prosessane og arbeidet.

Aktuelle interessentar kan trekkjast inn i arbeidet i ulike temagrupper (Avsnitt 3.4).

## **4. Arbeidsoppgåver for Nordfjord vassområde**

### **4.1 Generelle arbeidsoppgåver**

Prosjektet skal gjennomførast etter arbeidsmetodar og prosessar som er skildra i vassforskrifta og tilhøyrande rettleiarar, i tillegg følgje dei råmer og rettleiingar som vassregionmynde set. Vassområdeutvalet føl opp aktuelle punkt i vedtekne forvaltningsplanar, tiltaksprogram, handlingsprogram og overvåkingsprogram for vassområdet og deltek aktivt i revidering av desse plandokumenta.

Nordfjord vassområde har utarbeidd innspel til vesentlege vassforvaltningsspørsmål (15.10.2012) og tiltaksanalyse (02.06.2014), som er innspel til regional forvaltningsplan og tiltaksprogram. Grunnlaget til dette kom frå karakterisering og overvakning av vassførekomstane, samt innspel frå kommunar, styresmaktar, frivillige organisasjonar, interessentar og verksemder.

### **4.2 Arbeidsoppgåver i vassområdeutval og kommunar**

Med utgangspunkt i vassforskrifta og planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion, er følgjande arbeidsoppgåver skissert:

Vassområdeutval (VOU):

- Utarbeide reviderte lokale tiltaksanalysar. Gode tiltaksanalysar er heilt avgjerande for kvaliteten på forvaltningsplanen og tiltaksprogram.
- Samle lokal kunnskap.
- Bidra til å få fram datagrunnlag, karakterisere vassførekomstar.

- Føreslå kandidatar til SMVF (sterkt modifiserte vassførekomstar).
- Føreslå tiltak og vurdere dei. Bidra til å overvake og vurdere effekt av tiltak.
- Utarbeide forslag til vesentlege spørsmål om vassforvaltning for vassområdet (dei viktigaste utfordringane i vassområdet)
- Leggje til rette for lokal medverknad.
- Kommunane er den viktigaste aktøren i vassområdeutvala.
- Følgje opp tiltaksprogrammet. Rapportere status for gjennomføring, og grunnlag for eventuelle avvik.

#### Kommunane:

- Bidra med grunnlagsdata.
- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak innanfor sitt ansvarsfelt.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål (unntak etter vassforskrifta).
- Delta i vassregionutvalet.
- Delta i vassområdeutvalet.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsfelt (kloakk, landbruksforureining m.m).
- Rapportere til vassregionmynde årleg.
- Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.

#### Kommunane sitt ansvar:

- Ansvar for vatn og avlaup, drikkevatt, landbruk.
- Planlegging og sakshandsaming etter plan og bygningslova, kommunedelplan m.m.
- Sakshandsaming etter ureiningslova der kommunane er ureiningsmynde.

*Kommunane vert direkte involverte av planane og aktivitetane som følgje av vassforskrifta og arbeidet med forvaltningsplanen. Dei må i tilstrekkeleg grad integrere vassområdeplanlegging i si planlegging. Kommunane er pålagt å utføre ei løpande overordna kommuneplanlegging som omfattar samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunane har delegert mynde etter ureiningslova. Dei styrer ein vesentleg del av verkemidla i landbruket. Kommunane er ofte vassverkseigarar og har ansvaret for miljøretta helsevern.*

(Planprogramet til Sogn og Fjordane vassregion, s. 11)

#### Regionale sektorstyresmaktar:

- Bidra med grunnlagsdata.
- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak innanfor sitt ansvarsfelt.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål (unntak etter vassforskrifta).
- Delta i vassregionutvalet.
- Delta i vassområdeutvalet.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsfelt .
- Rapportere til vassregionmynde årleg.

### **4.3 Prosjektleder/sekretær**


Prosjektleder var inntil 31.12.2014 tilsett av Gloppen kommune, som var vertskommune for vassområdet. Det er semje i vassområda og vassregionen om at Sogn og Fjordane Fylkeskommune tilset prosjektleder i 100 % fast stilling, som skal dekke Nordfjord og Sunnfjord vassområde.

Arbeidsoppgåvene til prosjektleiar er mellom anna:

- Utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmelding til vassområde i samarbeid med prosjektgruppa.
- Vere sekretær for vassområdeutvalet, utføre oppgaver for vassområdeutvalet og utarbeide skriftlege dokument til godkjenning hos vassområdeutvalet.

## 5. Framdrift

Planprogrammet til forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane viser arbeidet med vassforskrifta slik (Figur 3):



**Figur 3. Arbeidet med vassforskrifta vil vere kontinuerleg og skal rullerast kvart 6. år for gradvis å bringe tilstand i alle vassførekomstar opp på akseptabelt nivå. Arbeidet startar med å fastsetje tilstand. På denne bakgrunn vert det utarbeidd forvaltningsplan med tiltaksprogram. Etter iverksetjing av tiltaka skal tilstanden igjen overvakast for å finne ut om tiltaka var tilstrekkelege. Dette gir grunnlag for å revidere Forvaltningsplan og tiltaksprogram.**



## Milepelar, 1. planperiode

vedtak 2015, gjennomføring 2016 – 2021

\*) Tidsfristar fastsett nasjonalt eller regionalt er utheva,)

Oppgave / planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
Prosjektplan	Godkjenning i Vassområdeutvalet Vedtak i kommunane	Januar 2015 April 2015
Prosjektleiar	Tilsetting v/ Fylkeskommunen	2015
Høyring regional forvaltningsplan og tiltaksprogram	Høyringsfrist	<b>31.03.2015</b>
Regional forvaltningsplan og tiltaksprogram trer i kraft for 2016-2021, og erstattar pilotplanar frå 2009	Alle sektorar og interessentar må følgje opp tiltak innanfor sitt ansvarsområde, og legge miljømåla i planane til grunn for sin aktivitet.	<b>Frå 1.1.2016</b>
Regionalt overvakingsprogram	Oppfølging av regionalt overvakingsprogram for vassområdet i samarbeid med Fylkesmannen	Årleg
Handlingsprogram	Oppfølging av Handlingsprogrammet. Programmet vert revidert årleg	Årleg
Statusrapport om tiltak	Rapport til Vassregionmynde om forventa status for igangsetting av tiltak i tiltaksprogramma ved utgangen av 2018.	<b>1.7.2018</b> deretter årleg
Tiltaksgjennomføring	Tiltak operative (igangsette) innan: Kommunar og sektorstyresmaktar har ansvar for å gi pålegg om tiltak. Tiltakshavar har ansvar for gjennomføring.	<b>31.12.2018</b>
Miljømål skal vere nådd	Vassførekomstar med unntak i medhald av vassforskrifta får eit lågare miljømål innan 1.1.2022.	<b>1.1.2022</b>

## Milepelar, 2. planperiode

(vedtak 2021, gjennomføring 2022 – 2027):

\*) Førebelse fristar i kursiv

Oppgave / planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
Gjennomføre overvakingsprogram og problemkartleg-ging i tiltaksprogrammet	Bidrag til oppdatert karakterisering og tiltaksanalyse for 2. planperiode.	<b>Straks</b>
Karakterisering må vere oppdatert	Inndeling av vassførekomstar. Påverknader og risiko	<i>1.7.2018</i>
Innspel til revidert «Vesentlege spørsmål om vassforvaltning» i vassregionen frå vassområdeutvalet		<i>1.1.2018</i>
Frist for innspel frå alle styresmaktar og interessentar til revidert tiltaksanalyse i vassområdet	Alle sektormyndigheter og interessentar må ha bidratt i tide med komplette datasett tilpassa vassforskrifta og Vann-nett innan sine ansvarsområder	<i>1.1.2019</i>
Revidert tiltaksanalyse	Oversending til Vassregionmynde	
Oppstart høyring av revidert regional forvaltningsplan og tiltaksprogram i vassregion		<i>1.7.2020</i>
Revidert regional forvaltningsplan og tiltaksprogram trer i kraft, og erstattar plan frå 2015	Alle sektorar og interessentar må følgje opp tiltak innanfor sitt ansvarsområde, og legge miljømåla i planane til grunn for sin aktivitet.	<b>1.1.2022</b>

## 6. Økonomi

### 6.1 Kostnader

Kostnadane vil i hovudsak knyte seg til prosjektleiar / sekretariat, møter, reiser, kurs og utgifter til overvaking / problemkartlegging og utgreiing av tilstand og nødvendige tiltak i vassførekomstane. Fylkeskommunen skal tilsette felles prosjektleiar for Nordfjord og Sunnfjord vassområde, og det er lagt inn 50 % av lønskostnadene i budsjettet til Nordfjord vassområde, nedanfor. Kommunane må i tillegg yte ein eigeninnsats ved å legge fram kjende opplysningar av vassførekomstane, utføre kartlegging, delta på møte, og gjennomføre tiltak i vassførekomstane.

<b>Kostnader pr år (2016 – 2021)</b>	
<b>Prosjektleiar / sekretariat (50 %)</b>	370 000
<b>Møter, reiser og kurs</b>	100 000
<b>Vassanalyser og overvaking inkl rapportar</b>	300 000
<b>ÅRLEG SUM</b>	770 000

### 6.2 Finansiering

For 2. planperiode vil kommunane finansiere 50 %, medan Fylkeskommunen og Fylkesmannen finansierer 50 % til saman. Av kostnaden til kommunane vert 1/3 likt fordelt, 1/3 fordelt etter folketalet og 1/3 fordelt etter landareal. Dette avviker frå fordelinga som vart nytta i 2012 – 2015, då fordelingsnøkkelen til Nordfjordsrådet vart nytta (25 % likt fordelt og 75 % fordelt etter folketal). Ved å også legge areal til grunn vert kostnadene fordelt meir i samsvar med utfordringane i dei ein skilde kommunane.

<b>Kommune</b>	<b>Folketal pr 2014</b>	<b>Landareal km2</b>	<b>1/3 lik fordeling</b>	<b>1/3 etter folketal</b>	<b>1/3 etter areal</b>	<b>Sum pr år</b>
<b>Bremanger</b>	3 950	832	18 333	15 928	25 230	59 491
<b>Eid</b>	5 926	469	18 333	23 895	14 222	56 451
<b>Gloppen</b>	5 694	1 040	18 333	22 960	31 537	72 831
<b>Hornindal</b>	1 223	192	18 333	4 932	5 822	29 087
<b>Selje*</b>	1 808*	145*	18 333	7 292	4 397	30 022
<b>Stryn</b>	7 134	1 377	18 333	28 766	41 757	88 857
<b>Vågsøy</b>	6 091	177	18 333	24 561	5 367	48 262
<b>SUM kommunar</b>	31 826	4 232	128 333	128 333	128 333	385 000
<b>Fylkeskommune + Fylkesmann</b>	385 000					385 000
<b>Totalt 2016</b>	770 000					770 000

\*) Ein vesentleg del av Selje kommune ligg i Søre Sunnmøre vassområde, og kommunen sitt bidrag til Nordfjord vassområde er redusert tilsvarende (35 % av folketalet og 36 % av landarealet).

Stryn kommune hadde som pilotkommune vore gjennom prosessen tidlegare, hadde mindre arbeid igjen, og finansierte difor prosjektet tilsvarende 20 % av sitt folketal. Frå 2016 stiller Stryn likt med dei andre kommunane og deltar difor i finansieringa fullt ut.